

2 0 0 1
2 0 0 2
2 0 0 3
2 0 0 4
2 0 0 5
2 0 0 6
2 0 0 7
Norske pengespel 2009
Gaming in Norway

Statistikk over norske pengespel og lotteri

**Annual statistics report from
The Norwegian Gaming
and Foundation Authority**



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Denne statistikken er også tilgjengeleg i PDF-format på
www.lottstift.no

INNHOLD

Føreord	4
Samandrag	5
Endring i omsetning	13
Norsk Tipping AS og Extra	15
Norsk Rikstoto	22
Digitale plattformer	25
Bingo	26
Andre lotteri	29
Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn	33
English summary	34
Vedlegg	36

Føreord

Pengespel auka i omsetning for første gong sidan 2005

For første gong sidan 2005 auka omsetninga i den regulerte norske pengespelmarknaden i 2009.

I 2009 satsa nordmenn 22,3 milliardar kroner på dei regulerte pengespela her i landet. Dette er 3 milliardar meir enn i 2008. Spel på internasjonale nettspel er ikkje medrekna i denne statistikken.

I 2009 gjekk 13,9 milliardar kroner tilbake til spelarane i form av gevinstar. Netto omsetning, eller det som vart tapt på lotteri- og pengespel, utgjer dermed 8,4 milliardar kroner.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann om lag 4 600 kroner på lovlege pengespel i 2009, ein auke på litt over 600 kroner frå året før. Når vi tek omsyn til gevinstane har kvar innbyggjar i snitt lagt igjen om lag 1 700 kroner. Dette tilsvarer 0,8 % av husstanden si disponible inntekt.

Ei rekke lag og organisasjonar har inntekter frå spel og lotteri, og gode føremål fekk 5,0 milliardar kroner. I høve til året før er dette ein auke på nærmare 266 millionar kroner. Størstedelen av formålsinntektene kom frå Norsk Tipping sine spel.

I årsstatistikken for 2009 har vi for første gong med omsetninga frå spel på norske skip som går i rute mellom norsk og utanlandsk hamn. Frå 2009 har deler av inntektene frå spelet om bord gått til norske lag og foreiningar.

Også denne gongen må vi takke aktørane i den norske pengespelmarknaden for samarbeidet i samband med statistikkarbeidet vårt. Utan alle opplysningane som vi mottekk ville vi ikkje fått fram det datamaterialet som er naudsynt for å kunne lage denne statistikken.

Førde, desember 2010

*Atle Hamar
direktør*

1. Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2009 omsett for 22,3 milliardar kroner. Av dette gjekk 13,9 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen nær 8,4 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnnehavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2009

År 2009	Millionar	
	NOK	EUR ¹
Brutto omsetning (spelt for)	22 297	2 555
Gevinst	13 947	1 598
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	8 350	957

År 2009	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar ²	4 618	529	1 729	198
Per innbyggjar 15 år og eldre	5 697	653	2 134	244
Per husstand ³	10 159	1 164	3 805	436
Prosent av disponibel inntekt ⁴	2,12 %		0,79 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 4 618 kroner i 2009.

Dette er i overkant av 600 kroner meir enn i 2008 då satsa beløp per innbyggjar var kroner 3 981.

Om vi trekkjer frå gevinstane vil kvar innbyggjar i 2009 ha lagt igjen 1 729 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 0,79 %.

¹ Middelkurs 2009 frå Norges Bank 8,7285.


² Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2009 og 1/1-2010.

³ Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,2 (Statistisk årbok (SSB)).

⁴ Statistisk årbok (SSB), "Husholdninger og ideelle organisasjoner. Inntekter, utgifter og sparing." Disponibel inntekt 1 053 598 millionar kroner.

Samandrag

Brutto omsetning i 2009



I 2009 spelte nordmenn for 22,3 milliardar kroner. Norsk Tipping starta i 2009 utplassering av speleterminalane Multix. I 2009 har nordmenn satsa 11,6 milliardar på Norsk Tipping sine spel, og av dette nærmere 1,7 milliardar på multixspel. I tillegg i underkant av ein milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for litt over 3,6 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjer den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på 5,3 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten, 5,13 milliardar inkludert sidespel i bingo (elektroniske⁵ og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 220 millionar kroner.

Blant dei andre lotteria er det landslotteria som hadde størst omsetning, 378 millionar kroner. For lokale og regionale lotteri⁶ estimerer vi omsetninga til 120 millionar kroner.


Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter ny forskrift frå 1. januar 2009. Sidan den dato skal 20 % av netto omsetning tilfalle lotteriverdige organisasjonar. 2009 er første året der denne årsstatistikken også omfattar spel på skip. I 2009 vart det spelt for 250 millionar om bord. Sjå nærmare omtale i kapittel 8.

Samla brutto omsetning har auka frå 19,0 milliardar kroner i 2008. 2009 er det første året sidan 2005 der den samla omsetninga i marknaden er auka.

⁵ Bingoautomatar og databingo.

⁶ Mindre lotteri, såkalla lykkespel, er ikkje medrekna.

Samandrag



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto til sammen 68 % av marknaden.

Gevinstar og pengepremiar i 2009

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	11 624	6 847	4 777	59 %
Rikstoto	3 625	2 439	1 186	67 %
ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering	950	475	475	50 %
Bingo med entreprenør*	5 129	3 803	1 326	74 %
Landslotteri	378	67	311	18 %
Bingo utan entreprenør**	220	140	80	64 %
Lokale/regionale lotteri**	120	20	100	17 %
Spel på skip	250	156	94	62 %
Totalt	22 297	13 947	8 350	63 %

*) For entreprenørbingo er brutto omsetning estimert for delar av elektroniske sidespel.

**) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er utelukkande estimat basert på eit utval av reknesaksopplysningar (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 13,9 milliardar kroner av innsatsen på 22,3 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent mest tilbake frå entreprenørbingo (74 %) og Norsk Rikstoto (67 %).

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapen).

Samandrag

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2009



Norsk Tipping hadde størst netto omsetning (57 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto hadde til saman 71 % av marknaden i 2009.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2009

	Netto omsetning Mill kr	Formål Mill kr	Formål Prosent	Administrative kostnader Mill kr	Administrative kostnader Prosent
Norsk Tipping	4 777	2 915	61 %	1 863	39 %
Norsk Rikstoto	1 186	611	52 %	575	48 %
Extra NT's operatørgodtgj. til NT-formål	475	232	49 %	155	33 %
		88	19 %		
Bingo med entreprenør	1 326	351	26 %	975	74 %
Landslotteri	311	98	32 %	213	68 %
Bingo utan entreprenør*	80	50	63 %	30	38 %
Lokale/regionale lotteri*	100	80	80 %	20	20 %
Spel på skip	94	19	20 %	75	80 %
Totalt	8 350	4 444	53 %	3 907	47 %

*) Estimerte og avrunda beløp

4,44 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (2,9 mrd) kom fra Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (61 %). Frå Norsk Rikstoto kom der 611 millionar til formåla.


Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. For entreprenørbingo, landslotteri og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter mindre enn halvparten av netto omsetning.

Samandrag

Frå entreprenørbingo fekk formåla 351 millionar, eller 26 %. Dette er ein auke frå 2008 då formålets inntekter utgjorde 313 millionar.

Frå 2009 kjem det også inntekt til formål frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn, og i 2009 fekk formåla 19 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.



Administrative kostnader⁷ utgjorde 3,9 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene. Den største delen av kostnaden (1,86 mrd) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (39 %). Større kostnadsbeløp kom også frå entreprenørbingo (0,98 mrd) og Norsk Rikstoto sine spel (0,58 mrd).

Kostnad til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær, telemarketing osb.

Netto omsetning i 2009 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill kr	Kostnader til kommisjonær eller lokalinhavar Mill kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	4 777	678	14 %
Extra	475	66	14 %
Norsk Rikstoto	1 186	194	16 %
Totalt	6 439	938	15 %

Frå desse spela gjekk det 938 millionar til kommisjonærar og lokalinhavarar.

⁷ Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Samandrag

For Norsk Rikstoto inngår omsetning gjennom løpsbaner. Omsetning via Internett inngår for Norsk Rikstoto, Norsk Tipping og Extra. Spesielt for Norsk Rikstoto ville prosentvis del til kommisjonær blitt større om vi hadde avgrensa omsetninga til berre den del som går gjennom kommisjonærleddet. 28 % av samla innsats på Norsk Rikstoto sine spel kom frå løpsbaner eller Internett. Problemstillinga er ikkje så aktuell for Norsk Tipping og Extra der nær 10 % av innsatsen kom via Internett.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter – 2009	Mill kr	Prosent
Idrett	1 937	38 % *
Kultur (statsbudsjett og regjeringa)	1 250	25 %
Musikk/kultur/fritid	129	3 % *
Hest/hestesport	611	12 %
Helse	464	9 % *
Humanitær	447	9 % *
Diverse	43	0,9% *
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	141	2,8 %
Tiltak vedk. uheldig speleåtfred	12	0,2 %
Totalt	5 035	100 %

*) I tillegg får formåla delar av 141 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,8 %).

Tabellen over inkluderar også inntekt til formål som ikkje skriv seg frå spelomsetninga i 2009. Frå speleomsetninga i 2009 gjekk 4 444 millionar til formål. I tillegg kom der midlar frå Norsk Tippings investeringsfond med i alt 645 millionar⁸, og det meste av dette er her fordelt på fleire av formålskategoriene.

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippenøkkelen tildelt gjennom ulike ordningar: Formåla er idrett, kultur og samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. Idretten får si tildeling gjennom Kulturdepartementet. Midlane til kultur går gjennom statsbudsjettet (2/3) og regjeringa (1/3). Midlar til samfunnsnyttige eller humanitære formål blir utbetalt på to måtar. Det meste blir betalt direkte frå Lotteritilsynet etter fastsett fordeling. Ein mindre del blir betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad til lag og foreiningar som hadde automatinntekter i 2001.

Grasrotordninga og midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtfred kjem også frå Norsk Tipping si speleomsetning, men er ikkje medrekna i tippenøkkelen.

Idrett (1 937 millionar *)

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippenøkkelen med 1 558 mill, 148 millionar frå grasrotordninga, 186 mill frå entreprenørbingo, 25 mill frå landslotteri og frå spel på skip 15 millionar. I tillegg inngår 3 millionar frå Norsk Tipping utbetalt av Lotteritilsynet til einskilde lag og foreiningar på grunnlag av automatinntekter i 2001.

Idretten har også inntekt frå foreningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

⁸ Totalt vart det henta 645,2 mill frå Norsk Tipping sitt investeringsfond. Ein del av fordelinga frå Norsk Tipping blir fordelt av Lotteritilsynet etter søknad frå samfunnsnyttige eller humanitære lag og foreiningar som hadde automatinntekter i 2001. Frå tildelinga i 2010 står det igjen 54,4 millionar som ikkje er tildelt. Samla beløp til formål utgjer dermed kroner 5 035 millionar (4 444 mill + 645 mill – 54 mill).

Samandrag

Kultur og fritid (1 379 millionar *)

Også her er det store inntekter, men merk at det meste til kulturformål kom fra Norsk Tipping via statsbudsjettet (833 mill) eller som løyving fra regjeringa (417 mill).

I tillegg er det om lag 129 millionar i inntekt fra andre typar spel, lotteri eller ordningar, utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna (entreprenørbingo 70 mill, grasrotmidlar (NT) 40 mill, landslotteri 2 mill, spel på skip 4 mill og tildeling på grunnlag av tidlegare automatinnntekter med 14 mill). Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

Hest/hestesport (611 millionar)

Dette er inntekter som utelukkande kom fra Norsk Rikstoto.

Helse (464 millionar *)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund. 232 mill som ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering fekk frå Extraspelet er med her. Desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår.

Elles inngår 126 millionar frå Norsk Tipping, 41 mill frå landslotteri, 41 mill frå entreprenørbingo, 7 millionar frå grasrotordninga (NT) og 17 millionar (NT) som Lotteritilsynet har betalt ut på grunnlag av automatinnntekter i 2001.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

Humanitær (447 millionar *)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 385 millionar, landslotteri med 19 mill og entreprenørbingo med 32 mill. I tillegg er det rekna med to millionar frå Norsk Tippings grasrotmidlar og 10 millionar (NT) etter søknad på grunnlag av automatinnntekter i 2001.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

Diverse organisasjonar (43 millionar *)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå entreprenørbingo (22 mill), landslotteri (12 mill), grasrotmidlar (NT) (3 mill) og 7 millionar (NT) på grunnlag av automatinnntekter i 2001.


Tiltak vedk. uheldig speleåtferd (12 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg som finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigkeit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

Uspesifiserte inntekter (141 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (50 mill), lokale/regionale lotteri (80 mill) og grasrotmidlar (11 mill). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntektene på formåla ovenfor, men vi reknar med at i overkant av 30 millionar av dette er inntekt for lokalradio og -TV.

Samandrag



Endring frå år 2008

Basert på omsetninga i spelemarknaden, medrekna midlar frå Norsk Tippings investeringsfond, fekk formåla i 2009 266 millionar kroner meir enn i 2008.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2008 ⁹	2009	Endring	
	Mill kr	Mill kr	Mill kr	Prosent
Idrett	1 760	1 937	177	10 %
Kultur (statsbudsjettet og regjeringa)	1 250	1 250	0	0 %
Musikk/kultur/fritid	80	129	49	61 %
Hest/hestesport	579	611	32	5 %
Helse	458	464	6	1 %
Humanitær	448	447	- 0,5	0 %
Diverse	41	43	2	6 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	140	141	1	1 %
Tiltak vedk. speleavhengigkeit	12	12	0	0 %
Totalt	4 769	5 035	266	3 %

Enkelte kategoriar av formål har fått auka inntekter samanlikna med 2008. Totalt er det gått 266 mill meir til formåla frå pengespel i 2009 enn i 2008. Det er formålskategoriene Idrett og Musikk/kultur/fritid som har fått største auken.

Hestesporten hadde også større inntekter i 2009. Alle inntektene her kjem frå overskotet i Norsk Rikstoto.

⁹ Beløp var i statistikken for 2008 vist utan midlar frå Norsk Tipping sitt investeringsfond, og overgangs-/kompensasjonsmidlar for tidlegare automatinntekter var heller ikkje fordelt på kategoriar. I denne oppstillinga er desse medrekna.

2. Endring i omsetning

Her samanliknar vi omsetning i 2009 med åra 2002 til 2008.

Den norske pengespelmarknaden totalt¹⁰

Tal i millionar kroner	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Endring 2008- 2009
Brutto omsetning (spelt for)	30 149	37 509	40 827	42 362	38 246	27 372	18 980	22 297	17 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	9 664	10 926	11 511	11 684	10 935	9 277	7 879	8 350	6 %

Brutto omsetning er i 2009 auka med 17 % frå 2008. Netto omsetning har hatt ein mindre auke. Forskjell i prosentvis auke skuldast auka omsetning i spel med høgare gevinstprosent: Norsk Tipping sine speleterminalar (Multix) og auke omsetning i entreprenørbingo.

Litt av auken (250 mill for brutto og 94 mill for netto) skuldast at vi frå og med 2009 har med omsetninga på spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn. Desse spela har også vore tilgjengeleg tidlegare utan at dei har vore med i våre statistikkar.

Norsk Tipping

Tal i millionar kroner	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Endring 2008- 2009
Brutto omsetning	8 940	8 921	8 805	8 433	8 846	9 514	9 612	11 624	21 %
Netto omsetning	4 056	4 140	4 200	3 989	4 131	4 441	4 481	4 777	7 %

Brutto omsetning var 21 % større i 2009 enn i 2008. Auken både i brutto og netto omsetning heng saman med at 2009 er første driftsåret med ordinært utplasserte speleterminalar (Multix). Desse spela har langt høgare gevinstprosent enn dei andre spela hos Norsk Tipping. Netto omsetning (etter premieutbetaling) har auke med 7 prosent for Norsk Tipping. Dei enkelte spela blir nærmere omtalt i del 3 av rapporten.

Extra

Tal i millionar kroner	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Endring 2008- 2009
Brutto omsetning	794	822	812	771	773	874	967	950	- 2 %
Netto omsetning	397	411	406	385	386	437	483	475	- 2 %

Omsetninga i 2009 er redusert med 2 % samanlikna med året før. Frå 2007 til 2008 hadde Extraspelet ein auke på 11 %.

Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Endring 2008- 2009
Brutto omsetning	2 479	2 414	2 623	2 781	2 780	3 163	3 710	3 625	- 2 %
Netto omsetning	829	810	902	959	944	1 056	1 214	1 186	- 2 %

Rikstoto si brutto omsetning vart redusert med 2 % i høve til 2008. Frå 2007 til 2008 hadde Rikstoto ein auke på 17 %.

¹⁰ For perioden 2002 til og med første halvår 2005 var det gitt to prøvekonsesjonar for norske spel på elektro-niske plattformer. Dette var tivoli.no og SMS.Jackpot.

Samla brutto og netto omsetning utgjorde høvesvis:

2002 : 36,4 og 1,8. 2003: 13,0 og 3,0. 2004: 24,3 og 4,0. 2005: 13,6 og 1,9. Alle tal i millionar.

Endring i omsetning

Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Endring 2008- 2009
Brutto omsetning	1 590	1 609	1 642	1 732	1 891	2 629	3 955	5 129	30 %
Netto omsetning	395	411	428	462	559	856	1 199	1 326	11 %

Entreprenørbingo har totalt hatt 30 % vekst i brutto omsetning. Veksten er mindre for netto omsetning. Dette heng saman med høgare gevinstprosentar i rapporterte tal. Den store auken skuldast auke i omsetning på bingoautomatar og databingo.

I 2008 var samla vekst for alle spel i entreprenørbingo 50 % for brutto omsetning.

Landslotteri

Tal i millionar kroner	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Endring 2008- 2009
Brutto omsetning	454	531	466	508	424	422	396	378	- 4 %
Netto omsetning	387	441	401	416	341	345	322	311	- 3 %

Landslotteri har i 2009 4 % reduksjon i brutto omsetning samanlikna med 2008. Året før var reduksjonen 6 %.

Andre spel/lotteri

Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

Bingo utan entreprenør

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Tal løyve:	1 200	1 050	1 100	800	640	710	570	500
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning ¹¹ : (brutto omsetning, tal i millionar)	320	310	320	250	230	240	230	220

Totalt syner tal frå lotteriregisteret ein reduksjon i talet lag som arrangerer bingo utan entreprenør.

Lokale/regionale lotteri

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Tal meldingar motteke	3 000	2 950	3 000	2 900	2 750	2 050	2 610	2 420
Tal løyve gitt:	170	150	150	150	120	110	100	100
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning ¹² : (brutto omsetning, tal i millionar)	110	100	100	120	100	90	110	120

På grunnlag av tal meldingar, løyver og rekneskap i 2009 har vi estimert ei litt høgare omsetning enn i 2008.

Spel på skip

Tal i millionar kroner	2009
Brutto omsetning	250
Netto omsetning	94


Sidan spel på skip vart regulert i ny forskrift frå 1. januar 2009 har vi frå 2009 også tatt med desse spela i årsstatistikken vår.

¹¹ Estimert omsetning avrunda til nærmeste 10 mill. (sjå vedlegg for beregningsmåte)

¹² Estimert omsetning avrunda til nærmeste 10 mill. (sjå vedlegg for beregningsmåte)

3. Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinst-utbetaling) var 11,62 milliardar kroner i 2009. I tillegg er NT operatør for talspelet Extra som hadde ei omsetning på 0,95 milliard.¹³



58 % av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto, Joker og Keno). Legg ein til omsetninga frå Flax og Multix, kjem 80 % av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig. Sportsspela Tipping og Oddsen stod for 20 % av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane.

Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker og Keno	6 700,5	57,6 %
Sportsspel:	Tipping og Oddsen	2 281,8	19,6 %
Skrapelodd:	Flax	977,8	8,4 %
Terminalspel:	Multix	1 664,0	14,3 %
Total brutto omsetning		11 624,2	100,0 %

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Multix	Totalt
Total brutto omsetning	6 700,5	2 281,8	977,8	1 664,0	11 624,2
Totalt til gevinst	3 364,7	1 453,6	520,4	1 508,1	6 846,9
Total netto omsetning	3 335,8	828,2	457,4	155,9	4 777,3
Gevinstprosent	50 %	64 %	53 %	91 %	59 %

¹³ Samla omsetning gjennom NT var dermed 12,6 milliardar i 2009.

Norsk Tipping AS og Extra

Totalt gjekk 59 % tilbake til spelar som gevinst. 41 % gjekk til fordeling mellom operatør, kommisjonærar og formål. Samanlikna med 2008 er den totalt gevinstprosenten auka frå 53 til 59 prosent. Den store auken i samla gevinstprosent skuldast omsetninga på Multix der gevinstprosenten er høg (91 %). I 2008 var brutto omsetning på Multix berre 11,5 millionar mot nærmere 1,7 milliardar i 2009.

Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd med høvesvis 50 % og 53 %. Sportsspel har ein samla gevinstdel på 64 % der oddsspela har høgaste prosent. Oddsspel hadde ein samla gevinstdel på 68 %. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 54 i 2009.

Talspel (inkl. Extra) har i spelereglane fastsett gevinstprosenten til 50, og for skrapeloddet Flax til mellom 45 og 55 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær eller Internett. Talet på kommisjonærar har vore stabilt gjennom 2009, 4 038 den 1. januar og 4 038 den 31. desember.

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnettet (8 789 mill¹⁴, og i tillegg 1 664 mill på spel på multixterminalar). I tillegg spelte nordmenn for 1 170,9 millionar¹⁵ på NT sine eigne spel¹⁶ over Internett (548,0 mill på Tipping og Oddsen, og 622,9 mill på talspel. Skrapeloddet Flax blir ikkje selt over Internett).

Extra – eit spel for ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering

Extra er eit talspel som blir drive av Norsk Tipping AS på vegne av ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan førebygging, rehabilitering og forsking.

I 2009 vart det spelt Extra for 950 millionar kroner. Gevinstprosenten er 50.

Omsetning og gevinst	Mill kr	Prosent
Brutto omsetning	950,5	100 %
Til gevinst	475,2	50 %
Netto omsetning	475,2	50 %

Som for Norsk Tipping sine eigne spel kan ein delta gjennom NT sine kommisjonærar eller Internett. For Extraspelet kom 71,2 millionar av samla innsats via Internett i år 2009.

¹⁴ Av dette utgjer *Spill i kasse* 19,9 millionar der Extra kjem i tillegg med 2,2 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som i 2009 vart selt over disk i over 400 REMA 1000 butikkar.

¹⁵ Av dette kjem 139,4 millionar frå sal via mobiltelefon.

¹⁶ Extra kjem i tillegg med 71,2 millionar (der 4,1 er via mobiltelefon).

Norsk Tipping AS og Extra

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 4 777 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål	2 914,7	61 %
Til Norsk Tipping AS	1 185,1	25 %
Til kommisjonær	677,5	14 %
Sum = netto omsetning	4 777,3	100 %

Reell fordeling til formål fra Norsk Tippings omsetning i 2009 var noko høgare enn vist her. Til overskotsformåla gjekk det 3 002,7 millionar, inklusive 12 mill til tiltak vedkomande uheldig speleåtferd¹⁷.

Selskapet inntektsførar også operatørgodtgjersla frå Extraspelet. I 2009 utgjorde operatørgodtgjersla 88,0 millionar som også inngår i Norsk Tipping si overføring til NT formål.

For speleåret 2009 vart det for første gang betalt ut Grasrotmidlar. Det blei utbetalt 210,9 millionar kroner til mottakarar under ordninga med Grasrotandelen. Beløpet er ført som driftskostnad (Grasrotandel) i Norsk Tipping sitt rekneskap, men vart betalt ut som inntekter for om lag 14 500 ulike lokale lag og foreiningar i Norge. Grasrotandelen er lagt til som utbetaling til formål i denne årsstatistikken.

Frå Norsk Tipping sine eigne spel gjekk 61 % til formål over tippenøkkelen og Grasrotandel. Oversketet frå Norsk Tipping si omsetning i 2009 blir utbetalt til formål i 2010. Vi vil nemne at Norsk Tipping i tillegg til oversketet også har betalt ut 645 millionar som er henta frå Norsk Tipping sitt investeringsfond. Total utbetaling i 2010 (finansiert med 2009 oversketet og midlar frå investeringsfond) utgjer dermed kroner 3 648¹⁸ millionar kroner.

Fordeling til overskotsformål

Frå tildeling i 2010 gjekk 1 558 mill til idrett, 1 250 mill til kultur og 617 mill til samfunnsnyttige eller humanitære formål. I tillegg vart det fordelt 12 millionar til tiltak i høve til uheldig speleåtferd.

For kultur blei 833 mill tilført statsbudsjettet, medan regjeringa tildeler 417 mill til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken* 167 mill, *Kulturygg, møteplassar og formidlingsarenaer for kultur* 125 mill og *Frifondordningen* 125 mill), jf pressemelding frå Kulturdepartementet 4. juni 2010.

For idretten er fordelinga meir spesifikk. Tabellen under har nøkkeltal henta frå Kulturdepartementet si pressemelding 7. mai 2010.

Tal i millionar kroner


Idrettsanlegg	749,6
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	556,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	156,0
Spesielle aktivitetar	49,7
Forsknings- og utviklingsarbeid	20,1
Nasjonalanlegg / spesielle anlegg	27,1
Totalt	1 558,4

¹⁷ 2 914,7 mill frå eigne spel + 88,0 mill frå operatørgodtgjersle Extra.

¹⁸ 1 558,4 mill til idrett, 1 250,1 til kultur, 12 millionar til arbeid mot problematisk speleåtferd, 616,5 mill til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som hadde inntekter frå gevinstautomatar i 2001 og 210,9 mill til Grasrotandel (jf. Norsk Tipping sin årsrapport for 2009, side 12).

Norsk Tipping AS og Extra

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 48 % og 36 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.



Frå Norsk Tipping er det fordelt 617 millionar til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar.

Tabellen under viser fordelinga til formål:

10 H	511,1 mill
<u>Andre organisasjonar</u>	51,0 mill
Totalt utbetalt	562,1 mill

Ufordelt beløp	
<u>overført til tildeling i 2011</u>	54,4 mill
Totalt	616,5 mill

10 organisasjonar som utgjer 10 H fekk totalt utbetalt 511 millionar. For 5 humanitære organisasjonar utgjer dette i alt kroner 385 millionar. For 5 helseorganisasjonar 126 millionar.

Norges Røde Kors	215 mill	Kreftforeningen	69 mill
Redningsselskapet	133 mill	Handikap forbundet	20 mill
Norsk Folkehjelp	16 mill	Blindeforbundet	18 mill
Redd Barna	11 mill	Landsf. for hjerte og lungesyke	12 mill
Flyktninghjelpen	10 mill	Nasjonalforeningen for folkehelsen	7 mill

Norsk Tipping AS og Extra

373 andre lag og foreiningar har etter søknad til Lotteritilsynet fått tildelt totalt 51,0 millionar kroner (ved denne tildelinga har vi fått 52 færre søknadar enn året før). Dette er fordelt på følgjande kategoriar av lag og foreiningar.

	tal foreiningar	totalt tildelt
Idrett	41	3,3 mill
Helse	65	17,1 mill
Musikk/kultur/fritid	198	14,2 mill
Humanitær	48	9,8 mill
Diverse	21	6,6 mill
Total	373	51,0 mill

Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2009 har det gått 211 millionar til om lag 14 500 lokale lag og foreiningar. Inntil 5 % av innsatsen som blir satsa i spel kan gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar sjølv bestemmer at pengane skal gå til. Ei føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Om lag 14 500 ulike lag og foreiningar mottok inntekt frå grasrotordninga i 2009.

Kategori i Frivillighetsregisteret	Kategori i Lotteriregisteret ¹⁹	Grasrotandel i 2009 - kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	148 291 740	5 610
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	20 418 736	3 261
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	9 070 051	1 736
Sosiale tenester	– fleire kategoriar	7 294 343	583
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	6 859 880	711
Interesseorganisasjonar	Helse	6 548 768	1 117
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	3 309 055	598
Andre helsetenester	– fleire kategoriar	2 608 594	275
Dyrevern	Diverse	2 223 519	51
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	1 765 919	119
Krisehjelp og støttearbeid	– fleire kategoriar	694 001	84
Tru- og livssynsorganisasjonar	Diverse	516 656	113
Mangfold og inkludering	– fleire kategoriar	426 140	59
Natur- og miljøvern	Diverse	256 092	43
Frivillighetssentraler	Musikk/kultur/fritid	241 770	40
Økonomisk og materiell støtte	– fleire kategoriar	187 146	49
Politiske organisasjonar	Diverse	93 878	19
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	46 891	4
Sjukeheim	Helse	38 917	2
Grunn og vidaregåande utdanning	Diverse	17 130	2
Annen utdanning	Diverse	13 913	7
Yrkessammensluttingar	Diverse	6 189	7
Forsking og utvikling	Diverse	6 013	3
Sjukehus og rehabilitering	Helse	1 191	1
Andre	Diverse	686	2
Bustad - og lokalmiljø	Diverse	228	1
Total		210 937 446	14 497

¹⁹ Under føresetnad av at organisasjonen var godkjent som lotteriverdig organisasjon ville den blitt gitt eitt av fem kategorinamn.

Norsk Tipping AS og Extra

I høve til vår kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2009	Millionar	Prosent
Idrett	148	70 %
Helse	7	3 %
Musikk/kultur/fritid	40	19 %
Humanitær	2	1 %
Diverse	3	1 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	11	5 %
Totalt	211	100 %

Største delen av grasrotmidlane, 70 %, har frå 2009 gått til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse - og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriene.

I Norsk Tipping sin årsrapport er Grasrotandelen kostnadsført. I samleoppstillingar framme i denne årsstatistikken vil desse midlane inngå som formålsinntekter.

Norsk Tipping og kommisjonærane

Frå NT sine eigne spel fekk kommisjonærar 14 % av netto omsetning, i alt 678 millionar i provisjon. Legg ein til provisjon frå Extraspelet blir beløpet 744 millionar.

I gjennomsnitt var det 4 038 kommisjonærar²⁰ i 2009. I snitt hadde kvar kommisjonær ei inntekt på 184 000 kroner medrekna Extra.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill kr
NT sin del av inntekt frå eigne spel og Extra (til NT's drift)	1 485,1
NT sine samla netto kostnader ²¹	1 485,1
Midlar som er haldne tilbake i NT (investeringsfond)	0,0

Ved slutten av året var det tatt 645 millionar frå investeringsfondet.

Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 475,2 millionar kroner til fordeling mellom aktørane. Tabellen under viser korleis denne omsetninga er fordelt.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål (ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering)	231,9	49 %
Til Norsk Tipping AS	177,1	37 %
Til kommisjonær	66,2	14 %
Sum = netto omsetning	475,2	100 %

Til ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering gjekk det 231,9 millionar eller 49 % av netto omsetning. Tilsvarande tal i 2008 var 240,5 millionar.

Ein del av overføringa til NT, var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2009 utgjorde dette 88,0 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål. Dette utgjorde 19 % av Extra si netto omsetning.

²⁰ Snittal frå Norsk Tipping – aktive kommisjonærar.

²¹ Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er rekna med her.

Norsk Tipping AS og Extra

Fordeling til formål i år 2009


ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekke organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetsskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer.

ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering delte ut i alt 230 millionar fordelt på 564 prosjekt.


Fordeling til formål frå Extra	Mill kr	Prosent
Førebygging	68,0	32,5 %
Forsking	73,3	35,0 %
Rehabilitering	68,2	32,5 %
Sum	209,5	100,0 %
10% adm.tilskot til mottakarorganisasjon	21,0	
Totalt	230,5	

Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut i 2009 fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

Ekstraspelets midlar fordelt på aldersgrupper 2009




Ekstraspelets midlar fordelt på helseområde i 2009



4. Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,63 milliardar kroner i år 2009.



Omsetning og gevinst	Mill kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 625,3	100 %
Totalt til gevinst	2 439,1	67 %
Total netto omsetning	1 186,2	33 %

To tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst. Ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett og mobiltelefon. Talet på kommisjonærar med terminalar er auka gjennom 2009, frå 1 251 (1. jan) til 1 327 (31. des)²². Gjennom heile året var det 12 trav- og galoppbaner. Gjennom Norsk Rikstoto kan det også spelast på løp i andre land. Mellom anna blir det på V4 spelt på løp i Sverige.

Nær tre fjerdedelar av omsetninga, 72 %, gjekk gjennom kommisjonærane. Omsetning på baner utgjorde 7 %, medan Internett stod for 22 %. I 2008 utgjorde omsetninga over Internett 20 %.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill kr	Prosent
Kommisjonær	2 592,4	71,5 %
Baner	238,5	6,6 %
Internett ²³	794,4	21,9 %
Total	3 625,3	100,0 %

²² Talet gjeld kommisjonærar med terminalar.

²³ Inkl. 10,5 millionar i omsetning via mobiltelefon.

Norsk Rikstoto

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter at Norsk Rikstoto sine spelarar hadde fått utbetalt sine gevinstar, var det 1 186 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål	611,0	52 %
Avgift til staten	136,0	11 %
Til operatør (Rikstoto)	244,8	21 %
Til kommisjonær	194,4	16 %
Sum = netto omsetning	1 186,2	100 %

Til formåla gjekk det 611 millionar kroner eller 52 % av netto omsetning. I 2008 var prosenten til formål 48, som då utgjorde 579 millionar.

Fordeling til formål	Mill kr
V75 og storløp-premiar	72,5
Transporttilskot	3,9
Norsk Hestesenter	23,6
Det Norske Travselskap	73,5
Norsk Jockeyklubb	24,2
Bidrag avskriving finans	23,8
Provisjon driftsselskap (banene)	389,5
derav drift løpsbaner ²⁴	188,5
derav premiar til hesteeigarar	201,0
Totalt	611,0

Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

Det Norske Travselskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT mottek driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.


Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppsporten. NJ mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskriving finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

²⁴ Beløp inneholder vederlag for sal av spel på banene og lokal marknadsføring mot kommisjonærar i regionane.

Norsk Rikstoto



Statsavgift

Avgift til staten (136 mill) er ei fiskalavgift til statskassa utan øyremarking.

Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 194 mill eller 16 % av samla netto omsetning. Ikkje heile omsetninga kom frå denne salskanalen. Legg ein til grunn høvesvis del som for brutto omsetning, vil kommisjonærar si inntekt utgjere 23 %²⁵ av netto omsetning.

I snitt var det 1 289 kommisjonærar med terminalar i 2009.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill kr
RT sine inntekter frå hestespel	222,0
Andre inntekter	55,6
Samla kostnader	288,7
Årsresultat	- 11,1

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit underskot på 11,1 millionar kroner for 2009. Til samanlikning var overskotet 55,1 millionar i 2008, 30,4 millionar i 2007 og 0,5 million i 2006.

²⁵ Utbetalt beløp til kommisjonærar / (total netto omsetning x prosent brutto omsetning gjennom kommisjonærleddet): $194,4 \text{ mill} / (1\,186,2 \text{ mill} \times 71,5\%)$


5. Digitale plattformer

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett og mobiltelefon.

Det er innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, men spela er dei same som om ein går til kommisjonær eller på løpsbaner.

Spelar opprettar ein spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto (t.d. lønskonto) eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.

Digitale plattformer brutto omsetning (mill kr)									Endring frå 2008
	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	
Norsk Tipping (inkl. Extra)	65,9	154,4	229,2	297,4	468,1	692,6	912,1	1 242,1	330,0 36 %
Norsk Rikstoto	110,6	212,8	303,0	424,3	480,1	615,9	744,4	794,4	50,0 7 %
Tivoli	36,1	11,8	21,9	12,5	-	-	-	-	- -
SMS.jackpot ²⁶	0,3	1,1	2,4	1,1	-	-	-	-	- -
Totalt	212,9	380,2	556,5	735,3	948,2	1 308,5	1 656,5	2 036,5	380,0 23 %



Merk at dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Respons Analyse AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2009²⁷ og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert berekningar for spel på Internett for 2009.

8,3 % av nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). Dette utgjorde 308 000 nordmenn over 18 år.

For 2009 har ikkje Lotteritilsynet gjort konkrete estimat for kor mykje nordmenn har satsa på utanlandske nettstader. Resultat frå målingane vi får utført tyder likevel på at spel på andre nettstader enn Norsk Tipping og Rikstoto er noko redusert samanlikna med tidlegare års estimat. Jf Lotteritilsynets årsmelding for 2009.

²⁶ Internettspelet tivoli.no og SMS-lotteriet SMS.jackpot fekk ikkje fornøya konsesjonane sine og opphørde frå 1. juli 2005.

²⁷ Kvartalsvise målingar gjort i 2009 (1 000 personar over 18 år vart spurde kvar gong).

6. Bingo

Bingo deler vi i to typar:

Bingo med entreprenør der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar mottek overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

Vi har berre reelle tal frå entreprenørbingo. For bingo utan entreprenør har vi utarbeidd estimat på grunnlag av tal på løyve i Lotteriregisteret og eit utval rekneskap frå 2009.

Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på rapportering frå bingoentreprenørane som til saman dreiv 192 bingolokale per 31. desember 2009. Talet lokale i entreprenørbingo har auka med 26 sidan utgangen av 2008 då talet var 166. Talet på entreprenørar er 61 ved utgangen av 2009. Året før var talet 55 entreprenørar med bingodrift.

Bingo med entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2009

<u>Brutto omsetning *</u>	
sidespel er inkludert	5 129 mill kr
<u>Gevinst *</u>	3 803 mill kr
<u>Netto omsetning</u>	1 326 mill kr
administrativ kostnad	975 mill kr
overskot til formåla	351 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	7 %
Formåla sin del av netto omsetning	26 %
<u>Gevinstprosent</u>	74 %

*) Brutto omsetning og gevinst er estimert for delar av omsetninga i elektroniske sidespel (sjå vedlegg).

Entreprenørbingo omsette for 5,13 milliardar kroner i år 2009. Til lag og organisasjonar vart det overført 351 millionar kroner eller 7 % av brutto omsetning. Gevinstdel er 74 % og formåla sin del av netto omsetning er 26 %.

Samanlikna med 2008 er total omsetning ein del høgare i 2009. Brutto omsetning i 2008 var 3 955 millionar og netto omsetning var 1 199 mill.

Formåla har i 2009 fått 38 millionar meir enn året før.

Sidespel

Sidespel er inndelt i elektroniske sidespel og papirsidespel. Med elektroniske sidespel meiner vi bingoautomatar og databingo som er bingospel med felles trekning utanfor hovudspelet. Papirsidespel er til dømes "21" og "Mølle".

<u>Sidespel per 31. desember 2009</u>	<u>Entreprenørar</u>	<u>Prosent</u>
Bingoautomatar	53	87 %
Databingo	60	98 %
Papirsidespel	11	18 %
<u>Ingen sidespel</u>	0	-
<u>Tal entreprenørar totalt</u>	<u>61</u>	

Bingo

53 entreprenørar oppgir at dei har bingoautomatar og 60 oppgir at dei har databingo.
11 entreprenørar har papirsidespel. Ein del har fleire typar sidespel.

Det er *ein* entreprenør som ikkje har elektroniske sidespel, men ingen som ikkje har sidespel i det heile.

Ved utgangen av 2009 stod det bingoautomatar i 142 bingohallar, noko som utgjer 74 prosent av hallane. Entreprenørane rapporterer om 180 hallar med databingo, og dette utgjer 94 prosent.

Nøkkeltal for hovud- og sidespel 2009

Tal i millionar kroner	Brutto oms.	Gevinst	Gevinst prosent	Netto oms.	Til formål	Pst. til formål av netto oms.
Hovudspel	1 048	743	71 %	305	50	16 %
Sidespel:						
- bingoautomatar	2 823*	2 056*	73 %	766	226	30 %
- databingo	1 255*	1 001*	80 %	254	75	29 %
- papirsidespel	3	2	56 %	1	0,4	30 %
Sidespel totalt	4 081	3 060	75 %	1 022	301	29 %
Totalt	5 129	3 803	74%	1 326	351	26 %

*) Delvis estimat

Når omsetninga har auka samanlikna med 2008 skuldast dette auke i omsetninga på elektroniske sidespel. Hovudspel har hatt ein mindre auke.

Både bingoautomatar og databingo har hatt ein auke i omsetning samanlikna med året før. I 2008 var brutto omsetning hhv 2 020 og 915 millionar. Tilsvarande tal for nettoomsetning var då hhv 655 og 211 millionar.

Ved utgangen av 2009 hadde 142 bingohallar utplassert til saman 2 195 bingoautomatar. Dette er forholdsvis stabilt frå året før då talet utplasserte bingoautomatar var 2 106.

Ved utgangen av 2009 hadde 180 bingohallar samla utplassert 5 429 databingoterminalar. Dette har auka gjennom året. Entreprenørane rapporterte at dei samla hadde 4 245 terminalar ved utgangen av 2008.

74 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelalar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har databingo med 80 prosent. Gevinstprosentane har auka noko samanlikna med 2008 då samla gevinstprosent var 70 %. Det er auke i gevinstprosent både for hovudspel og dei elektroniske sidespela. Auken for netto omsetning har dermed ikkje vore like stor som for brutto omsetning.


Lag og foreiningar fekk totalt 351 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo. 86 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og mest frå bingoautomatar.

Bingoentreprenørane rapporterer at dei samla har spelt for 2 466 lag og foreiningar i år 2009. Dette er ein auke med 206 lag samanlikna med 2008 då talet var 2 260 lag.

Fordeling av bingoinntekter

Formål	Mill kr	Prosent
Idrett	186	53 %
Helse	41	12 %
Musikk/kultur/fritid	70	20 %
Humanitær	32	9 %
Diverse	22	6 %
Totalt	351	100 %

Bingo



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 186 mill. Blant andre kategoriar er det foreiningar innan musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med 70 millionar.

Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *forenings- eller bygdebingoar*. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av tal i Lotteriregisteret og eit utval rekneskap frå 2009 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

I overkant av 500 lag og foreiningar inngår i oppstillinga under.
86²⁸ av desse er radiobingo og 3 er TV-bingo.

Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2009

Estimert brutto omsetning (runda til nærmeste 10 mill)	220 mill kr
Gevinst	140 mill kr
Netto omsetning	80 mill kr
administrativ kostnad	30 mill kr
overskot til formåla	50 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	23 %
Formåla sin del av netto omsetning	63 %
Gevinstprosent	64 %

Vårt estimat for bingo utan entreprenør utgjer 220 mill i brutto omsetning, med eit overskot på 50 millionar kroner.

Samla bingoomsetning for lokalradio og lokalfjernsyn estimerer vi til omlag 85 mill. Det aller meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil deira del av brutto omsetning utgjere om lag 40 % av omsetninga for bingo utan entreprenør.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot på mellom 30 og 35 mill kroner.

²⁸ 4 radiobingoar avvikla drifta i løpet av 2009.

7. Andre lotteri

I tillegg til bingo har vi for 2009 registrert om lag 2 580 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga. Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har også gjort eit estimat for dei lokale eller regionale lotteria.

Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikta. Dei aller fleste er landsdekkjande. For 2009 har vi fått innrapportert 59 lotteri. I 2008 var talet 60.

Landslotteri - nøkkeltal år 2009

Loddsal	378 mill kr
Gevinstkostnad	67 mill kr
Netto omsetning	311 mill kr
administrative kostnader	213 mill kr
overskot til formåla	98 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	26 %
Formåla sin del av netto omsetning	32 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	18 %

Landslotteria omsette for 378 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2009 var 67 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar fråtrekte. Administrative kostnader utgjorde 213 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 98 millionar. Dette utgjorde 26 % av brutto – og 32 % av netto omsetning.

Omsetninga er litt mindre enn i 2008. Då utgjorde loddsaled 396 millionar. I 2008 vart overskotet til organisasjonane 109 millionar kroner.

Seks av lotteria som er selde i 2009 er etterhandstrekte, og i omsetning utgjer dei samla 1,8 million kroner. Dei blir ikkje presentert særskilt i denne gjennomgangen.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM), medlemssal og gjennom kommisjonærnett (t.d. kioskar). Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

I tillegg til desse lotteria kan ein også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT's kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

Andre lotteri

Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori ²⁹	Brutto oms. (mill)	Overskot (mill)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	49,2	25,4	13 %	26 %	52 %
Helse	197,3	40,5	52 %	41 %	21 %
Musikk, kultur og fritid	7,2	1,6	2 %	2 %	23 %
Humanitær	75,0	18,7	20 %	19 %	25 %
Diverse	49,8	11,9	13 %	12 %	24 %
Totalt	378,3	98,1	100 %	100 %	26 %

Helseorganisasjonar har som tidlegare år størst omsetning, og i 2009 52 % av heile marknaden. Dei hadde noko mindre del av samla overskot (41 %). Prosentvis del til formål av brutto omsetning er totalt sett høgst for kategorien Idrett (52 %).

Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill)	Adm.kostn. (mill)	Overskot (mill)	Adm.kostn. av netto omsetning	Overskot av netto oms.
Idrett	44,1	18,7	25,4	42 %	58 %
Helse	162,4	121,9	40,5	75 %	25 %
Musikk, kultur og fritid	6,3	4,7	1,6	74 %	26 %
Humanitær	58,5	39,8	18,7	68 %	32 %
Diverse	40,0	28,1	11,9	70 %	30 %
Totalt	311,3	213,2	98,1	68 %	32 %

Administrative kostnader utgjorde 213 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal, kommisjonærar etc., men ikkje gevinst-kostnader.

For ein del lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. For 14 lotteri har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 19,5 millionar kroner.

Einskilde typar organisasjonar har prosentvis mindre del kostnad av netto omsetning. Dette heng saman med korleis lodd vert selde. Spesielt innan idretten skjer loddssal ved at medlemmer sjølv sel lodd. Prosentvis er overskotet størst her.

Andre lotteri


Førehandstreckte landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd

Dei fleste landslotteri er skrapelodd og landsdekkjande. Det er difor naturleg å sjå desse saman med Flaxloddet til Norsk Tipping.

53 førehandstreckte landslotteri omsette totalt for 377 millionar kroner. I tillegg omsette Norsk Tipping sitt Flaxlodd for 978 millionar.

Organisasjonar med loddsal over 20 millionar kroner:

- | | |
|--|------------|
| • Landsforeningen for hjerte- og lungesyke | 47 mill kr |
| • De 10 Humanitære (Yezz!) ³⁰ | 43 mill kr |
| • Landsforbundet Mot Stoffmisbruk | 28 mill kr |
| • Norges Håndballforbund | 26 mill kr |
| • Redningsselskapet | 20 mill kr |



I 2009 utgjorde denne delen av lotterimarknaden 1 354 millionar kroner. Dette utgjer ein auke med 42 millionar frå 2008 då omsetninga var 1 312 millionar. Det er Norsk Tipping sitt Flaxlodd som står for denne auken. Landslotteri har isolert sett hatt ein reduksjon i omsetninga.

Samanlikna med 2008 har Flax litt høgare marknadsdel i 2009. 70 % i 2008 og 72 % i 2009.

10 H sitt lotteri (Yezz!) inngår i kategoriane for helseorganisasjonar og humanitære organisasjonar. 10 H sin marknadsdel her er 3 % i 2009.

Norges Røde Kors sitt pantelotteri er også med i statistikken for landslotteri. Omsetninga i 2009 utgjorde 15 millionar kroner.

³⁰ Totalt for 10 speleomgonger med Yezz! Tal for ein speleomgang (1. november 2009 til 31. mars 2010) er ikkje medrekna i denne årsstatistikken, men blir rekna med i statistikken for 2010.

Andre lotteri

Lokale/regionale lotteri

Til saman kom det i Lotteriregisteret i overkant av 2 500 lokale og regionale lotteri i år 2009.

I overkant av 2 400 er meldingslotteri og i tillegg har nærmere 100 lotteri fått løyve³¹.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat.

Berekning for lokale/regionale lotteri

Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2009

Estimert brutto omsetning	120 mill kr
(runda til nærmeste 10 mill)	

Gevinstkostnad	20 mill kr
Netto omsetning	100 mill kr

administrativ kostnad	20 mill kr
overskot til formåla	80 mill kr

Formåla sin del av brutto omsetning	67 %
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	80 %

Gevinstkostnad av brutto omsetning	17 %
------------------------------------	------

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

³¹ Arrangør av lotteri med omsetning under 150 000 per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning 150 000 eller meir treng løyve frå Lotteritilsynet.

8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter ny forskrift fra 1. januar 2009. Fra den dato skal 20 % av overskotet (netto omsetning) tilfalle lotteriverdig organiasjonar.

I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskriftena. Om bord på skipa er der to typer spel: Automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett. Rulett er berre tilgjengeleg på dei to største skipa.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2009 for 250 millionar om bord i desse skipa. Det meste vart spelt på automatar, men 11 prosent vart satsa ved spelebord.

Spel på skip – nøkkeltal 2009

Brutto omsetning³²

Automatar	223 mill kr
Spelebord	27 mill kr
Totalt	250 mill kr

Utbetalt gevinst

Automatar	149 mill kr
Spelebord	7 mill kr
Totalt	156 mill kr

Total netto omsetning	94 mill kr
-----------------------	------------

administrativ kostnad	75 mill kr
overskot til formåla	19 mill kr

Formåla sin del av brutto omsetning	7 %
-------------------------------------	-----

Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	20 %
--	------

Gevinstkostnad av brutto omsetning	62 %
------------------------------------	------

19 millionar var fordelt til ulike organisasjonar³³ som ift vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill kr	Prosent
Idrett	15,2	81 %
Musikk/kultur/fritid	3,5	19 %
Totalt	18,7	100 %

³² Brutto omsetning for automatar er beløpet som er putta på automatar av fysiske pengar og for spelebord er omsetning antall sjetongar som er kjøpt.

³³ Idrett: Skiforeningen, Norges Skiforbund, Start, KNS, Sandefjord Fotball, Odds Ballklubb, Larvik Håndballklubb, Drammen Håndballklubb, Norges Håndballforbund, Geilo IL, Kristiansand Cykkelklubb, Hovden sportsklubb, Krødsherad IL, IL Dyre Vaa, Norges Cykleforbund og Geiranger IL
Musikk/kultur/fritid: Oslo fylkesforening av Norsk Pensjonistforbund og Den Norske Opera & Balletts barnekor AS

9. English summary

The turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 22.3 billion in 2009. Of this players collected NOK 13.9 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 8.4 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover is increased from 19.0 billion in 2008. The main cause for the increase was the introduction of Norsk Tippings IVTs in 2009 and increased turnover for bingo games with bingo entrepreneurs. From 2009 figures from Norwegian ships in route traffic between Norwegian and foreign harbours are also included.

Key figures on the gaming market in Norway

Year 2009	Million			
	NOK	EUR ³⁴	NOK	EUR
Gross turnover (total wagered)	22,297	2,555		
Prizes	13,947	1,598		
Net turnover (expenditure/loss)	8,350	957		
		Amount wagered		Expenditure
Year 2009		NOK	EUR	NOK
Per capita ³⁵	4,618	529	1,729	198
Per capita, 15 years and older	5,697	653	2,134	244
Per household ³⁶	10,159	1,164	3,805	436
Percentage of disposable income ³⁷	2.12%		0.79%	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 4,618 in 2009.

After deduction of prizes, each citizen spent NOK 1,729. This amounts to 0.8 % of the disposable income per household.



³⁴ Average rate of exchange 2009 as determined by Norges Bank: 8,7285.

³⁵ Average population as determined by Statistics Norway.

³⁶ The average number of persons per household is 2.2. (Figures from Statistics Norway – Statistical year book)

³⁷ Statistical year book "Households, Income, expenses and saving" (SSB):

Disposable income NOK 1 053 598 millions.


English summary

The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e. approximately NOK 11.6 billion (of this 1 664 billion on IVTs³⁸), and nearly 1 billion on Extra, a lottery also operated by Norsk Tipping. Norwegians wagered NOK 3.6 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of NOK 5.3 billion, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 5.1 billion. Also included here are side games (electronic³⁹ and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately NOK 0.22 billion.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at nearly NOK 0.4 billion. For the other lotteries we stipulate a turnover of NOK 120 million.

On Norwegian ships sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 250 millions in 2009⁴⁰.



³⁸ Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 156 million.

³⁹ Bingo machines and online bingo.

⁴⁰ On slot machines amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed. On table games the value of chips purchased.

10. Vedlegg

Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra er hovudsakleg innhenta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering.

Bingoentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteritilsynet. Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar.

For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer utelukkande estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er eit utval rekneskapsopplysningar for 2009. I tillegg er tidlegare års statistikkar nytta som støtte til estimat.

Nedanfor viser vi nærmere korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

Kategorisering av formål

Entreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar.

Ordlyd frå rettleiinga til spørjeskjemaet er vist her.

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

Humanitær verksemd

Bl.a. Røde Kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

"Særorganisasjonar" eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn som ikkje let seg klassifisere.

Vedlegg

Berekning for bingo med entreprenør

Bingoautomatar: 18 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst.
Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 35: 73 %.

Databingo: Ein entreprenør har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst:
Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 59: 80 %.

Berekning for bingo utan entreprenør

På grunnlag av tal i Lotteriregisteret og rekneskapsrapportar for 2009 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreiningar	Totalt	Avrunda
Brutto omsetning i snitt	1 005 000 ⁴¹	312 000 ⁴²		
Samla gevinstprosent ⁴³	50 %	70 %		
Overskot av brutto omsetning ⁴⁴	40 %	15 %		
Tal løyve i Lotteriregisteret	87 ⁴⁵	416		
Estimert brutto omsetning	87 mill	130 mill	217 mill	220 mill
Estimert gevinst	44 mill	91 mill	135 mill	140 mill
Estimert netto omsetning	44 mill	39 mill	83 mill	80 mill
Estimert overskot til formåla	35 mill	19 mill	54 mill	50 mill
Estimert brutto omsetning år 2009*	220 mill			
- Gevinst	140 mill			
= Netto omsetning*	80 mill			
administrativ kostnad	30 mill			
overskot*	50 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	23 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	63 %			
Gevinstkostnad av brutto omsetning	64 %			

* runda til nærmeste 10 mill

⁴¹ Snittbereking for 79 rekneskap (2009) kr 1 005 510,-

⁴² Snittbereking for 156 rekneskap (2009) kr 312 063,-

⁴³ og ⁴⁴ Avrunda gevinstprosent og prosent til formål, 2009-rekneskap og tal frå 2007 og 2008 der dette er rapportert.

⁴⁵ 94 løyver i Lotteriregisteret, men 5 arrangerte ikkje bingo og 4 hadde berre bingo deler av året.
Nyttar difor 87 som berkningsgrunnlag.

Vedlegg

Landslotteri 2009 – organisasjonane i dei ulike kategoriane

Idrett	Norges Badmintonforbund Norges Fotballforbund (to lotteri) Norges Håndballforbund Norges Skiforbund
Helse	Foreningen for hjertesyke barn Foreningen for Muskelsyke Hørselshemmedes Landsforbund Landsforbundet Mot Stoffmisbruk Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen for Nakkeskadde Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen for trafikkskadde Landsforeningen uventet barnedød Multippel sklerose forbundet i Norge Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Blindeforbund Diabetes forbundet Norsk Cøliakiforening Norsk Proteinintoleranse foreining Norsk Psoriasisforbund Norsk Revmatikerforbund Norsk Thyreoideaforbund Norske Kvinneres Sanitetsforening (to lotteri) Organisasjonen Voksne for Barn Stiftelsen Hjelp til Russland 5 av 8 organisasjonar i 10H ⁴⁶
Musikk, kultur og fritid	Norges Musikkorps Forbund (to lotteri) 4H Norge
Humanitær	Adopsjonsforum Norges Røde Kors (pantelotteriet) Norsk Folkehjelp Redningsselskapet Stiftelsen Fadderbarnas framtid Stiftelsen Flyktninghjelpen 3 av 8 organisasjonar i 10H ⁴⁷
Diverse	Den indre sjømannsmisjon Det Norske Arbeiderpartiet Det Norske Totalavholdsselskap / IOGT i Norge / IOGTs juniorforbund i Norge Eleveringen bibelskolen Bildøy Bergen Fjellheim Bibelskole AS Framtiden i våre hender Kristelig Folkeparti Menighetssøsterhjemmet Motorførernes Avholdsforbund Norea Mediemosjon Noregs Mållag Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet

⁴⁶ Kreftforeningen, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke (LHL), Nasjonalforeningen for folkehelsen, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund. LHL hadde ikkje inntekt frå Yezz-lotteriet etter 1. august.

⁴⁷ Flyktninghjelpen, Norges Røde Kors og Norsk Folkehjelp.

Vedlegg

Berekning for lokale/regionale lotteri

På grunnlag av berekninger gjort frå opplysningar i Lotteriregisteret og rapporteringar for 2009 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldings-lotteri	Lotteri med løyve	Totalt	Avrunda
Brutto omsetning i snitt	38 000 ⁴⁸	285 000 ⁴⁹		
Samla gevinstprosent (kostnad)	10 % ⁵⁰	32 %		
Overskot av brutto omsetning	74 %	58 %		
Tal meldingar/ løyve frå Lotteriregisteret	2 422	97		
Estimert brutto omsetning	93 mill	28 mill	121 mill	120 mill
Estimert gevinst	9 mill	9 mill	18 mill	20 mill
Estimert netto omsetning	84 mill	19 mill	102 mill	100 mill
Estimert overskot til formåla	69 mill	16 mill	85 mill	80 mill
Estimert brutto omsetning år 2009*	120 mill			
- Gevinst*	20 mill			
= Netto omsetning	100 mill			
administrativ kostnad	20 mill			
overskot*	80 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	67 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	80 %			
Gevinstkostnad av brutto omsetning	17 %			

*) runda til nærmeste 10 mill

⁴⁸ Gjennomsnittleg omsetning i 1 166 rekneskap registrert i Lotteriregisteret for 2009 (kr 38 366).

⁴⁹ Snittbereking av 53 rekneskap for 2009 (kr 285 179).

⁵⁰ Gevinstkostnad er ikkje registrert i Lotteriregisteret for 2009, brukar same prosent som tidlegare år (10 %).



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Postboks 800 • 6805 Førde
Tlf. 57 82 80 00